



# OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonseptanten på Osterøy  
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post: [lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no)  
[www.osteroyindustrilag.no](http://www.osteroyindustrilag.no)

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTET ONSDAG 31. MARS 2004 KL 18.00

\* *Me fekk flott omvising hjå **Revheims Auto Restorations** ved Bjarte Revheim og i veteranbilgarasjen til **Ola Borge** ved veteranen sjølv.*

\* *Etterpå fekk me i kantina/peisestova i **Osterøytunet** orientering om den nye sjukeheimen ved leiar Jartru Reigstad.*

\* *Mat og kaffi*

### \* **Årsmøtet:**

1 Godkjenning av innkallinga. Val av møteleiar. Val av skrivar. Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen.

***Vedtak:** Innkallinga godkjend, leiaren, Lars Magne Bysheim, er møteleiar og sekretæren, Lars Mjøs, skriv referatet. Einar Håland og Kjell Rune Birkaas vart valde til å underteikne møteprotokollen.*

2 **Årsmelding og rekneskap** Sjå årsmelding og revidert rekneskap i vedlegg.

***Vedtak:** Godkjende.*

3 Fastsetjing av **medlemspengane**. Fastsetjing av **godtgjersle for styre og sekretær**.

**Styret gjer framlegg om å ikkje endre i satsane.**

1 tilsett	620 kr/år
2-4 tilsette	935 kr/år
5-9 tilsette	1.240 kr/år
10-14 tilsette	1.510 kr/år
15-30 tilsette	2.200 kr/år
31 og fleire tilsette	3.080 kr/år

Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 310 kr/år

Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000.

Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret.

Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 35.000.

***Vedtak:** Godkjend*

4 **Budsjett**. Sjå vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala.

***Vedtak:** Godkjend*

5 Eventuelle **innkomne saker**. *Ingen saker.*

## 6 Val.

Val av formann (Lars Magne Bysheim står på val), 2 styremedlemmer (Eimund Øvsthus og Tor Georg Hella står på val) og 3 varamedlemmer (desse er på val: Kjell Rune Birkaas, Johan Solberg og Arnbjørn Vevele).

Val av ein medlem med varamedlem til styringsutvalet for Industrikonsulenten (Willy Helgesen med Jorunn Jacobsen som varamedlem står på val). (*I innkalling var ført opp feil namn (namna på dei som ikkje var på val)*):

Val av valnemnd (på val: Formann Jørn Jacobsen, Astrid Tveiten og Leif Tore Solberg) .

Val av revisor (Norodd Helle står på val).

*Valet vart leia av leiaren i valnemnda, Jørn Jacobsen.*

**Vedtak** ved akklamasjon i samsvar med valnemnda si innstilling; Attval av alle.

7 **Årsmelding for Industrikonsulenten** (meldingssak). Sjå vedlegg.

**Vedtak:** årsmeldinga teke til etterretning.

*Skrivar: Lars Mjøs*

*Einar Håland*

*Kjell Rune Birkaas*

*Etter årsmøtet vart det lufta interesse for ein invitasjon kommunen har fått til å vere med å finansiere **Vest-Norges Brusselkontor**. Ingen hadde nokon kommentar.*

*Vidare vart det lufta interesse for å inngå **rammeavtale med Ventelo om teletenester**. Alle medlemmene som inngår avtale, vil få same vilkår som den av medlemsverksemdene som i dag har best vilkår. Me har stilt som vilkår at avtalane vert samkøyrde slik at dei vil opphøye på same tidspunkt. I utgangspunktet vert det 24-månadersavtale. Vilkår for rabatten vil vere avtalt omfang på tilslutning til avtalen. Medlemmene vil stå heilt fritt til å inngå avtale eller ikkje. Det vart frå møtelyden uttrykt interesse for å prøve ein slik avtale.*